

---

Saksnr: 2021/16091-10  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

**Forvaltningsrevisjon innan fylkesvegeforvaltninga - Status i arbeidet ved Deloitte****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal gjera greie for status i arbeidet med den pågåande forvaltningsrevisjonen innan fylkesvegforvaltninga.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 10.05.2021 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.*
3. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.*
4. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

I godkjent prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga har revisor definert slikt føremål:

*«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om VLFK har etablert system og rutinar for å sikre at sentrale oppgåver i vegforvaltninga blir gjennomført med tilstrekkeleg kvalitet, samt om VLFK har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gjennomføre dei forvaltningsmessige oppgåvene fylkeskommunen har ansvar for. Vidare er det eit føremål å undersøke i kva grad VLFK per i dag har sikra tydelege mål og prioriteringar for utvikling av fylkesvegnettet, samt om VLFK har tilstrekkeleg oversikt over forfall og vedlikehaldsetterslep på vegnettet.»*

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. *I kva grad har VLFK gjennomført risikovurderingar og etablert system og rutinar (internkontroll) for gjennomføring av sentrale oppgåver knytt til:*
  - a. *Planlegging og bygging av veg, under dette:*
    - i. *Planlegging og initiering/oppstart av prosjekt?*
    - ii. *Gjennomføring av prosjekt?*
    - iii. *Prosjektstyring og rapportering?*
  - b. *Drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, under dette:*
    - i. *Vurdering av behov, og anskaffing av og inngåing av kontraktar med entreprenørar?*
    - ii. *Tinging og oppfølging av drifts- og elektroarbeid?*
    - iii. *Tinging og oppfølging av vedlikehaldsarbeid (dekkelegging, bru- og kaivedlikehald, tunneloppgradering mv.)?*
  - c. *Beredskap og handtering av hendingar på vegnettet (t.d. ras eller flaum)?*
  - d. *Økonomistyring og -oppfølging (av både prosjekt og drift og vedlikehald)?*
2. *I kva grad har VLFK tilgjengeleg naudsynt kapasitet og kompetanse til å forvalte fylkesvegnettet på ein tilfredsstillande måte, under dette også dei oppgåver som tidlegare låg under Statens vegvesen?*
  - a. *Har Avdeling for infrastruktur og veg tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre sine oppgåver når det gjeld:*
    - i. *Utbyggings-/investeringsprosjekt på veg?*
    - ii. *Drift og vedlikehald av vegnettet?*
    - iii. *Beredskapshandtering?*
    - iv. *Administrative prosessar?*
  - b. *Har Avdeling for infrastruktur og veg tilgang på naudsynt kompetanse til å gjennomføre sine oppgåver når det gjeld:*
    - i. *Utbyggings-/investeringsprosjekt på veg?*
    - ii. *Drift og vedlikehald av vegnettet?*
    - iii. *Beredskapshandtering?*
    - iv. *Administrative prosessar?*



**Konklusjon**

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen elles til orientering.